

Lars S. Vikør:

Kløyvd infinitiv

Kløyvd infinitiv er blitt eit heitt spørsmål i den nynorske rettskrivingssaka. Kløyvd infinitiv vil altså seie at språkbrukarane kan la infinitiv ende på *-a* i somme verb, på *-e* i andre. Språkrådsnemnda ønskjer å ta denne moglegheita ut or normalen, men behalde gjennomført *-a* og gjennomført *-e* som jamstilte. Men mange protesterer og vil ha den kløyvde infinitiven framleis.

Problemet er at kløyvd infinitiv ikkje er éin ting, men mange, og at det er flytande overgangar mellom dei. Vi har:

1 Den tradisjonelle kløyvde infinitiven, som baserer seg på systemet i austnorske og trønderske dialektar og i siste instans går tilbake på strukturforhold i gammalnorsk som eg ikkje kan gå inn på her; eg må vise til faglitteraturen. Det er eit stramt regulert system, med klare kriterium for kva verb som skal ha kva ending. Dei aller fleste verba får *-e* (*halde, vise, markere, bruke, pugge* osv.). Ei mindre gruppe svært frekvente verb får *-a* (*vera, gjera, setja, koma, laga* osv.). I ordlistene har dei markert dette ved å skilje ut dei verba som skal ha *-a* ved kløyvd infinitiv, anten ved å utheve dei (med sperring) i sjølve ordlista, eller ved å setje dei opp i ei særskild liste bak i boka. Dei som skulle bruke dette systemet, måtte helst ha det i dialekten, eller pugge verba med *-a*.

2 Eit lausare system, der eit mindre antal verb som etymologisk skulle ha *-a*, kan få *-e* etter særutviklingar i visse dialektar (t.d. *seie, sette* somme stader, *legga, finna* andre stader, der tradisjonen vil ha *seia, setja, legg(j)e, finne*).

3 Eit liberalt system der brukaren kan fordele endingane etter eigen dialekt, også når det gamle systemet var "utvatna" (ved at stadig fleire verb med tradisjonell *-a* fekk *-e*). Dei faste grensene mellom dei to gruppene verb er dermed nedrivne, men det er framleis klare kriterium for kva som er ei rimeleg fordeling.

4 Eit system der folk kan fordele endingar etter individuell språkkjensle, utan referanse til dialekten som eit kollektivt system.

5 Fullt frislepp, høve til å bruke *-a* eller *-e* der ein vil utan regulering – slik at t.d. vestlendingar frå område der både *-a* og *-e* er i bruk (nær dialektgrenser t.d.) fritt kan bruke det som fell dei inn i kvart tilfelle. Mange vil vel ikkje akseptere dette som kløyvd infinitiv, men problemet er at det knapt er mogleg å avgrense det mot systema ovanfor anna enn på subjektivt grunnlag.

Mange av dei som vil ha kløyvd infinitiv og no protesterer, skil ikkje mellom desse typane, og gir dermed ikkje språkrådsnemnda mye å byggje på. For nemnda må gi reglar som på ein eller annan måte må praktiserast. Ein del forkjemparar for kløyvd infinitiv signaliserer rett nok at dei er liberale og langt på veg vil gi brukaren høve til å bestemme fordelinga sjølv, andre nemner nokre kjerneverb dei meiner skal ha *-a*, men vil gi stor fridom elles. For dei brukarane som ikkje er "frelste" på språkform-flikking, kan ikkje dette bety nokon framgang mot ei norm som er rimeleg lett å handtere.

Argumenta for kløyvd infinitiv er oftast talemålsbaserte: Dette systemet gir austlendingar og trønderar høve til å uttrykkje identiteten sin i skrift. På dialektkarta omfattar jo den kløyvde infinitiven heile Austlandet unntatt Grenland og søre Østfold. Men i det praktiske livet er systemet i full oppløysing over store delar av dette området, særleg i byane, men også elles. Oppløysinga artar seg slik at dei aller mest frekvente verba med *-a* kan ha det også hos unge, gjerne i litt "tøff" dialektstil (*værra, gjørra*), mens *-e* elles er universell. I bygdene er nok meir av det gamle systemet intakt, og minkinga av antal verb med *-a* går saktare, men det går same vegen. Det er liten grunn til å tru at kløyvd infinitiv som system vil halde seg mange tiår til.

Det *viktigaste* reelle argumentet for kløyvd infinitiv er skrifttradisjonen. I nynorsk litteraturspråk står dette systemet sterkt hos svært sentrale forfattarar, og ikkje få heller: Garborg, Duun, Vesaas, Aukrust, Jonsson, Ørjasæter, Moren, Uppdal, Krokann, Sletto, og dette er berre toppen av isfjellet. Den som skal setje seg inn i den nynorske litteraturen, *må* kjenne prinsippa for den kløyvde infinitiven. Men da er det den stramt regulerte kløyvde infinitiven det er snakk om (type 1 eller 2 ovanfor); den moderne anarkistiske forståinga av omgrepet ville vel nærmast ha forferda dei gamle meistrane. Dei ville ha konsekvens og system, om enn ikkje nødvendigvis alltid det same systemet.

Sjølv brukte eg i yngre år kløyvd infinitiv, mest fordi talemålsbakgrunnen min tilseier det. Men etter kvart lærte eg at eg berre kunne halde på dette systemet i trykt skrift når eg sjølv hadde full kontroll med korrektoren i alle ledd; elles vart det å halde seg til *-e*. Ikkje minst det eg hørte av lærarar frå dei aktuelle austlandsområda fekk meg til å miste trua på at dette systemet kunne haldast oppe i lengda. Det blir litt som dativ og fleirtalsbøying av verb: genuine og særmerkte trekk som gir sterk identitetskjenning hos dei som bruker det og er bevisstgjorde på det, men stadig meir nedslite for kvar ny generasjon.

Rettskrivingsnemnda har eit problem her. Ho kan ikkje berre seie at kløyvd infinitiv skal vere jamstilt, men ho må også leggje fast kva prinsipp og reglar som skal gjelde. Folk må kunne sjå skilnad på ”korrekt” kløyvd infinitiv og rein vakling. Og eg kan ikkje sjå at nemnda har noko godt grunnlag for å gjere eit konkret vedtak her. Det er, så vidt eg veit, ikkje forska systematisk på korleis den kløyvde infinitiven faktisk verkar ute blant folk og i skolekvardagen. Det vi har fått servert, er stort sett ideologi og identitetspolitikk.

Eigentleg er ikkje kløyvd infinitiv ei rettskrivingssak, men eit konsekvensspørsmål: Alle formene kløyvd infinitiv består av, er tillatne i normalen og vil bli det også etter denne nemnda, når *-a* og *-e* skal forbli jamstilte. Om nemnda vil freiste å vere salomonisk, kunne ein antyde følgjande løysing:

Nemnda kan opne for kløyvd infinitiv i prinsippet, men be Språkrådet greie saka nøyare ut før ein landar på eit konkret vedtak om korleis regelverket skal vere. Nemnda har tidlegare lagt til side visse kinkige og omfattande problem til eventuell nærare utgreiing i framtida, som fordeling av genus (kjønn) på einskildsubstantiv og bruk av *-e-*, *-s-* eller ingenting i samansetningsfuge (som i *mannfall – mannsalder – manntal*). Det har vore av tidsomsyn: Nemnda har pålegg om å levere eit resultat pr. 1. april i år, og dei mest omfattande og kompliserte enkeltsakene av denne typen kan ikkje behandlast fagleg forsvarleg innanfor den fristen i tillegg til alt det andre nemnda har måtta gjennomgå.

Nemnda *kan* altså anbefale at Språkrådet før eit vedtak blir gjort, får utført ei undersøking av korleis kløyvd infinitiv blir brukt i skrift, korleis undervisninga fungerer i dei områda der dei har kløyvd infinitiv i talemålet og nynorsk som opplæringsmål (delar av Gudbrandsdalen, Valdres, Hallingdal og Telemark), korleis lærarane taklar retteproblematikken, og kor stort behovet er hos vanlege brukarar. Etter kvart kan så Språkrådet, som jo skal forvalte normeringa vidare, setje opp konsekvensreglar – stramme eller liberale – for fordelinga av dei fullt lovlege infinitivformene på *-a* og *-e*. Eller la vere å gjere det, men i så fall bør det vere godt grunnlagt og forskingsbasert. Poenget er at ein bør forsikre seg om at ein ikkje legg nye bærer (komplikasjonar) på folk i aller beste mening, og da må ein vite meir om språkkvardagen i dei aktuelle miljøa enn ein gjer i dag.